



Odd-Marthin Totland  
Kalandssjøen 89  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13598 - 21/51357

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:  
26.07.2021

## **Godkjenning av bestandsplan for hjort 2021 - 2023 for bestandsplanområde Fosnøy-, Lindåsneset- og Bakkøy Viltlag, Austrheim kommune - korrigerings og erstatning av vedtak i administrativ sak 002/21**

**Administrativt vedtak: Saknr: 833/21**

### **VEDTAK:**

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 12-16 godkjenner Austrheim kommune Fosnøy-, Lindåsneset- og Bakkøy Viltlag bestandsplanområde og bestandsplan for hjort for perioden 2021-2023 som omsøkt.

Godkjenninga er gjeve på følgjande vilkår:

- Valda i planområdet får tildelt 106 fellingsløyve per år, totalt 318 fellingsløyve for heile planperioden fordelt etter tabell 1.
- avvika frå minstearealet fastsett i lokal forskrift med bruk av 50 % regelen gjeld for Fosnøy Viltlag, 4632V0001, og i heile planperioden.
- Grensa for årleg avvik frå avskytings planen og overføring av dyr mellom åra i planperioden, er sett til 10 %. Dette gjeld både tal dyr og fordeling på kjønn og alder.
- Den årlege tildelinga av fellingsløyva i planperioden tildelast som frie dyr. Fordelinga i uttaket for avtaleåra skal etter jaktseasonen år 2023 vere:

- 10 % eldre bukk
- 10 % Pinnebukk
- 20 % Kolle 2,5 år
- 20 % Kolle 1,5 år
- 40 % kalv

- Kwart vald skal årleg rapportera fellingsresultat, sett hjort og slaktevevter til Austrheim kommune.

-Planen sin verknad vert vurdert i fellesskap mellom administrasjon og styret etter 1. sesong og samanhalde med resultat frå tannsnitt prosjektet og eventuell teljingsresultat av hjort med drone.

#### **Saka gjeld:**

Eivind Børildsen, vald ansvarleg for Fosnøy Viltlag søker på vegne av Fosnøy-, Lindåsneset- og Bakkøy Viltlag bestandsplanområde v/ om godkjenning av bestandsplanområde med bestandsplan for hjort for 2021 - 2023.

Bestandsplanområde femner om heile Austrheim kommune, med unntak av vald 4632V0004 Mongstad som grunna spesielle forhold har sin eigen plan.

Planområdet har eit samla areal på 36.448 daa, med til saman 3 hjortevald innafør området. Det vert søkt om ein årleg kvote på 106 dyr, til saman 318 dyr for heile planperioden.

Tabell 1: Oversikt over vald innanfor bestandsplanområde.

<b>Valdnamn:</b>	<b>Valdid:</b>	<b>Teljande areal:</b>	<b>Tal løyve pr. år:</b>	<b>Daa pr løyve:</b>
Fosnøy Viltlag	4632V0001	25644	85	301
Lindåsneset Viltlag	4632V0002	6787	13	500
Bakkøy Viltlag	4632V0003	4017	8	500

Bestandsplan for perioden 2021-2023 har som overordna mål å forvalte hjortestammen på ein slik måte at ein sikrar ein optimal og vedvarande produksjon og avkastning, sunne og friske dyr, god kjønns- og aldersfordeling og ein passende størrelse på stammen i forhold til leveområdet sin bereevne (beitetilgang) og skadepress (skog og innmark). Bestanden skal ikkje ha ein størrelse som fører til at artar som naturleg høyrer heime i området blir trua. Ivaretaking av det biologiske mangfaldet er eit overordna prinsipp for forvaltning av hjort i Austrheim. Det er dei siste åra meldt om store beiteskadar på innmark og skog.

Fosnøy Viltlag har som sjølvstendig mål i planperioden å foreta ei avskyting som reduserer bestanden på Fosnøy betrakteleg og søker om bruk av 50% regelen. Planen sikter mot ein einsarta kjønnsamansetting i bestanden.

Dersom det kjem inn nye moment om hjorten sin kjønns og alderssamansetting, tellande areal eller minsteareal, kan avskytings planen endrast i bestandsplanperioden. Gjeldande bestandsplan ønskes vurdert og justert etter sesong 1 avhengig av resultat frå eventuell hjortetelling med drone og resultat av tannsnitts prosjekt (dyr eldre enn kalv) med kohort i sesong 2021.

Den årlege tildeling av fellingsløyve i planperioden tildelast som frie dyr til valdet. Valdet fastsett felling art/år for det enkelte jaktfelt ved tildeling for årets jakt.

Fordelinga i uttaket for avtaleårene skal etter jaktsesongen år 2023 være slik:

- 10 % eldre bukk
- 10 % Pinnebukk
- 20 % Kalle 2,5 år
- 20 % Kalle 1,5 år
- 40 % kalv

Bestandsplanområdet ønskjer moglegheit for ei årleg overføring på inntil 10% av fellingsløyva.

#### **VURDERING:**

Søknad om godkjenning av bestandsplanområde og bestandsplan vert handsamast etter forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 12-16 jf. Søknaden oppfyller dei krava som er sett i forskrifta og kommunen vil difor godkjenne bestandsplanområdet.

Viltforvaltninga i Austrheim kommune ønskjer å ha ei berekraftig hjorteforvaltning som tek omsyn til hjortebestanden sin storleik slik at den er til glede for flest mogeleg, samstundes som skadeomfanget på eng og skog er til å leva med for dei som driv med landbruk i kommunen. Spesielt på Fosnøy er skadenivå på grasproduksjons areala aukande.

Gjennom bestandsplanen vert det no teke høgde for desse forholda, ved å vidareføre kommunen sine mål om stabilisering. Dette med vekt på høg avskyting av kalv og unge dyr, som gjev grunnlag for høgare snittalder i bestanden, med fleire eldre dyr og høgare produksjonsevne som resultat. Samstundes vert det vektlagt eit kontrollert uttak av vaksne hanndyr, for å sikre tilstrekkeleg rekruttering av eldre bukk og hindre skeiv kjønnsbalanse.

Inntrykket er at plan for avskyting er gjennomtenkt og kunnskapsbasert ut frå fellingsstatistikk, «Sett hjort»-registrering og anna tilgjengeleg kunnskap. Det er godt samsvar mellom mål og tiltak, og måla føl opp kommunen sine intensjonar om forvaltning og bestandsutvikling.

Administrasjonen vurderer at bruk av 50% regelen for nettopp Fosnøy Viltlag er sterkt nødvendig i reduksjonen av skadenivå av hjort på avling i Austrheim kommune i en reduksjonsfase.

#### **Regelverk**

FOR-2016-01-08-12: Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/51357

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Fosnøy Viltlag  
Odd-Marthin Totland  
Øyvind Ullestad

Kalandssjøen 89  
Bakkavegen 75

5953 FONNES  
5953 FONNES